

Notat 2007–14

# Bergen matfestival 2007

– Profil og appell hos publikum og utstillarar

Arild Spissøy



*Foto: FMLA Hordaland*

---

<b>Tittel</b>	Bergen matfestival 2007. Profil og appell hos publikum og utstillarar
<b>Forfattar</b>	Arild Spissøy
<b>Prosjekt</b>	Bergen matfestival 2007 (A900)
<b>Utgjevar</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgjevingsstad</b>	Oslo
<b>Utgjevingsår</b>	2007
<b>Tal sider</b>	33
<b>ISBN</b>	978-82-7077-691-7
<b>ISSN</b>	0805-9691
<b>Emneord</b>	småskalaforedling, marknadsundersøking, markedsundersøkelse, matfestival, direkte sal, direkte salg, bondens marked

---

## Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, føretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og føretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

I fjor gjorde NILF ein studie av Bønder i byd'n – Bergen matfest 2006. Studien gav viktige innspel til evalueringa av eit arrangement som Landbruksavdelingane hos Fylkesmannen i Hordaland og i Sogn og Fjordane har arrangert i ei årrekkje.

Undersøkinga synte at arrangementet blei sett på som ein stor suksess, både blant utstillarar og publikum. Festivalen oppfylte i sterk grad dei måla FMLA-ane hadde for festivalen – nemleg å synleggjere og skape blest om dei rike matkulturane som finns i dei to fylka, og synleggjere landbruket som ein viktig berar av denne kulturen og desse tradisjonane. Festivalen ser ut til å vera godt institusjonalisert – eit årvisst arrangement som publikum og utstillarar såg fram imot.

På bakgrunn av evalueringa i fjor vart det for 2007 vedteke å gå saman med «Sjømat for alle» og «Stocca fisso» i ein felles matfestival med breiare profil. Denne samanslåinga var bakgrunnen for årets undersøking. Korleis ville ei samanslåing virke inn på opplevingane for publikum og utstillarar?

Slike undersøkingar som dette blant publikum og utstillarar gir mykje god kunnskap. Dette er verdifull kunnskap ikkje berre for arrangørane, men også for store og små produsentar, næringsliv og for styresmakter på ulike nivå.

Synleggjering og fremjing av eit multifunksjonellt landbruk er høgt på agendaen i Landbruks og matdepartementet og blant fagorganisasjonane. FMLA i Hordaland og i Sogn og Fjordane har gjennom denne festivalen vist eit døme på korleis ein festival kan vera med å bidra.

NILF har intervjuar publikum medan festivalen gjekk føre seg og sendt ut spørjeskjema til utstillarane i etterkant av festivalen. Intervjua vart gjort av Arild Spissøy, Rune Ommedal, Ane Lyng og Torbjørn Haukås. Notatet er skriva av Arild Spissøy med hjelp frå Heidi Knutsen og Torbjørn Haukås som også har fungert som kvalitetssikrarar.

Takk til landbruksavdelinga hos fylkesmannen i Hordaland for eit interessant oppdrag, og takk til alle utstillarar og publikum som velvillig stilte opp i undersøkinga.

Oslo, november 2007

Ivar Pettersen



# Innhald

---

	Side
SAMANDRAG .....	1
1 INNLEIING .....	3
1.1 Bakgrunn for utgreiinga .....	4
1.2 Gjennomføringa av undersøkinga .....	4
1.3 Presentasjon av resultata .....	5
2 SPØRJEUNDERSØKING – VITJANDE .....	6
2.1 Persondata .....	6
2.2 Svarfordeling på spørsmåla .....	7
3 UNDERSØKING BLANT UTSTILLARANE .....	12
4 ANALYSE .....	19
5 OPPSUMMERING/KONKLUSJON .....	25
VEDLEGG 1: SPØRJESKJEMA PUBLIKUM .....	27
VEDLEGG 2: SPØRJESKJEMA UTSTILLARAR .....	31



# Samandrag

---

Dette er ei undersøking av korleis publikum og utstillare oppfatta profilen av Bergen matfestival 2007 og kva appell festivalen hadde. Undersøkinga er gjort på oppdrag frå landbruksavdelinga hos fylkesmannen i Hordaland.

Bergen matfestival 2007 var ei samanslåing av tre arrangement, «Bønder i byd'n», «Stocca fisso», og «Sjømat for alle». Arrangørane har tidlegare lagt opp til ein noko ulik profil – «Stocca fisso» har vore ei *informasjonsmesse* om den historiske tørrfisk-eksporten frå Noreg til Europa, med høve for å få smaksprøvar på kva tørrfisk kan verta nytta til i Italia; for «Sjømat for alle» har *opplysningsaspektet* vore viktigast, ein ønskjer fremje sjømat som eit sunt alternativ; mens «Bønder i byd'n» har framstått i hovudsak som ei *salsmesse* av landbruksprodukt frå Hordaland og Sogn og Fjordane, med innslag av informasjonsbuer og aktivitetar.

«Bønder i byd'n – Bergen matfest» har tidlegare år vore det klart største arrangementet av dei tre. I 2006 gjorde NILF ein studie av «Bønder i Byd'n» som konkluderte med at det var ein var godt institusjonalisert festival som både publikum og utstillarar likte svært godt. Korleis ville publikum og utstillarane oppfatta den nye, utvida festivalen? Korleis ville appellen vera i forhold til tidlegare utgåver av «Bønder i byd'n»? Det var dei sentrale spørsmåla vi ønskte å få svar på gjennom denne undersøkinga. Vi intervjuar 72 vitjande og mottok 32 svar frå utstillarar i etterkant av festivalen.

I år som i fjor var det svært god publikumstilstrøyming til festivalen på tross av til dels veldig dårlig ver. Fjorårets suksess med festivalen som utstillingsvindaug skulast derfor ikkje berre at det då var 20 gradar og strålende sol i tre dagar.

Utstillarar og publikum kjem attende år etter år. I 2007 var det markant større pågang frå utstillarar enn nokon gong tidlegare. Festivalen er viktig for sal – nokre har ein stor del av den årlege omsetnaden på festivalen. Men enno viktigare er festivalen for marknadsføringa av produkta og som ein stad å knytte kontaktar både til kundar og til andre småskala produsentar.

Om publikum måtte velje mellom ein breiare festival eller ein meir snever, berre konsentrert om landbruk, svara dei aller fleste at dei foretrakk ein breiare matfestival. Utstillarane meinte publikum satt pris på at det var meir sjømat og at det trakk fleire folk til festivalen. Berre fire av 32 utstillarar var negative til samanslåinga. Dei var meir skeptisk til store industrielle aktørar og reine salsaktørar enn aktørar frå fiskeri. Mange uttrykte at det var viktig å holde på småskala profilen med produsentar og bønder som sjølv var tilstades – at festivalen burde vera ein stad der ein får førstehands kjennskap til produkta.

Nokre kommenterte at «Stocca fisso» og «Sjømat for alle» var lite synleg. Potensialet som ligg i å knyta dei tre arrangementa saman i ein festival synes ikkje å vera fullt ut nytta. Ein kan eksempelvis få tydelegare fram at mange lokale mattradisjonar hentar råvarer frå både jord og fjord. Det kan vera ei utfordring til kommande festivalar.

Undersøkinga syner at både publikum og utstillarar oppfatta Bergen matfestival som eit stabilt arrangement, samanlikna med tidligare års utgåver av «Bønder i byd'n». Endringane i profil var ikkje så store at nokon la spesielt merke til dei. Ein kan såleis trekkja den konklusjonen at arrangørane har tatt med seg suksessen frå tidlegare år. Dei har makta å la festivalen vekse og til dels endre karakter, utan at det er blitt ein mismatch mellom forventningane til publikum og utstillarar – og det dei faktisk opplever.



# 1 Innleiing

---

I 2007 vart dei tre festivalane «Sjømat for alle», «Stocca fisso» og «Bønder i byd'n – Bergen matfest» slege saman til eit arrangement – «Bergen matfestival».

Arrangementa har hatt ein noko ulik profil. «Stocca fisso» har vore meir ei *informasjonsmesse* om den historiske tørrfiskeeksporten frå Noreg til Europa, med høve for smaksprøvar på kva tørrfisk kan verta nytta til i Italia. For «Sjømat for alle» er *opplysningsaspektet* viktigast, der ein ønskjer å fremje sjømat som eit sunt alternativ. «Bønder i byd'n» framstår i hovudsak som ei *salsmesse* av landbruksprodukt frå Hordaland og Sogn og Fjordane med innslag av nokre informasjonsbuer. Arrangørens ønske om informasjonsspreiing vert på Bønder i byd'n for ein stor del ivareteke gjennom interaksjonen mellom seljarar/utstillarar og kundar/vitjane. «Bønder i byd'n – Bergen matfest» har tidlegare år vore det klart største arrangementet av dei tre i tal utstillarar og vitjane.

Tradisjonelt har hordalendingar, fjordingar og sogningar hausta både frå havet og frå jorda. I tider med større grad av sjølvberging enn no, var det naudsynt for den enkelte å nytta det som var tilgjengeleg, og å hausta frå ulike kjelder for å få eit breitt og næringsrikt spekter av råvarer. Nokre dreiv meir med fiske, nokre dreiv meir med jordbruk, men dei hausta frå baa kjeldene. Lokale variantar av ulike foredlings- og konserveringsteknikkar har utvikla seg både for fisk og jordbruksprodukt, så det er eit rikt mangfald av mattradisjonar i dei to fylka.

I 2007 blei festivalarrangørane einige om å slå dei tre festivalane saman i eit arrangement, Bergen Matfestival. Ein festival som skulle profilera eit breitt spekter av matvarer og fremme Bergen som marknadsplass og som handelsstasjon for eksport av norske råvarer. Publikum skulle få høve til å få eit breiare bilete av lokal produksjon, tradisjonelle foredlingsmetodar og lokale matrettar – både det som vert hausta frå jorda, frå havet og frå fjordane, på ein og same festival. Utstillarane ville få høve til å trekke vekslar på kvarandre og få eit endå breiare nettverk.

## 1.1 Bakgrunn for utgreiinga

Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland og i Sogn og Fjordane har arrangert «Bønder i byd'n – Bergen matfest» i ei årrekkje. Frå ei sped byrjing, kom arrangementet inn i fastare former frå 2001. I fjor vart arrangementet grundig evaluert. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) bidrog i denne evalueringa med ei undersøking blant publikum og utstillarar på festivalen<sup>1</sup>. NILF hadde mellom anna som oppdrag å undersøkje om arrangementet hadde «institusjonalisert seg» i det bergenske bybiletet. Undersøkinga gav eit eintydig resultat om at festivalen var institusjonalisert. Mange såg fram i mot festivalen og kom tilbake år etter år – både utstillarar og publikum. Festivalen ville bli sakna om han forsvann.

Denne undersøkinga er også gjort på oppdrag frå landbruksavdelinga hos fylkesmannen (FMLA) i Hordaland. Årets undersøking skulle sjå på kva svar ein fekk frå utstillarar og publikum no når arrangementet var utvida og inkluderte tre festivalar. FMLA Hordaland ønskte å få undersøkt verknader av ei samanslåing med «sjømat for alle» og «Stocca fisso festivalen». Ville dette ha nokon innverknad på festivalens appell hos publikum og utstillarar? Endra det profil og fokus i arrangementet? Korleis oppfatta publikum samanslåinga? Er det bra for den enkelte festival å samle dei tre i eit arrangement? Oppstod det positive synergieffektar, eller stal dei fokus frå kvarandre? Kva sat publikummaren igjen med – ville samkjøringa av festivalane føre til at publikummaren blei desorientert på den måten at inntrykka frå den eine festivalen druknar i inntrykka frå dei andre? Vil det vere betre for den enkelte festival at ein skil lag og arrangerar kvar for seg?

Bakgrunnen for «Bønder i Byd'n» var delvis å lage et *utstillingsvindaug* for Vestlandslandbruket og lokal matkultur. Ved å arrangere ei salsmesse i Bergen ville ein skape blest om lokale mattradisjonar og synleggjere eit levande vestlandslandbruk. Festivalen skulle være ein møteplass mellom byfolk og bønder. Den skulle også være ein møteplass bønder imellom for å utveksle erfaringar og skapa nettverk mellom småskalaprodusentar. På den måten kunne festivalen bidra til å dels skape, dels oppretthalda, eit landbruk i tråd med politiske ønskje om eit levande vestlandslandbruk som orienterer seg meir mot preferansane til forbrukarane.

I botn ligg ei antaking om at ein del forbrukarar faktisk ønskjer mat forankra i lokale mattradisjonar, og at det tilbodet som i dag er tigiengelig i daglegvarehandelen, ikkje er fullt ut tilfredsstillande for ein del forbrukarar. Ein antar at ein festival med fokus på lokale tradisjonar vil synleggjera det tilbodet som faktisk finst, og gjennom det kunne stimulera etterspørselen og tilbodet etter lokalt foredla matprodukt. Tilbodet vil verta stimulert som følge av auka etterspørsel og nettverksbygging.

Undersøkinga av fjorårets festival viste at «Bønder i byd'n» heilt klart er eit arrangement som bidreg til å oppnå dei ønska effektane. Vil dette bli like godt ivaretatt i ein større matfestival?

## 1.2 Gjennomføringa av undersøkinga

Undersøkinga blant publikum gjekk føre seg fredag 7., laurdag 8. og søndag 9. september. 72 vitjande vart intervjuet. Dei svarte på 14 spørsmål, med høve for å komme med utdjupande kommentarar. Kwart intervju tok ca fem minutt. Intervjuarane var påpasseleg med å intervjuet det dei meinte var eit representativt utval. Dei sirkulerte

---

<sup>1</sup> Spissøy, Arild (2006). Bønder i byd'n – Bergen matfestival 2006 – ei undersøking blant publikum og utstillarar. NILF-notat 2006-17. Oslo, NILF

rundt på festivalplassen for ikkje å risikere at dei berre fekk vitjande som var interesserte i ei type varer. Det er vanskeleg å seie noko sikkert om representasjonsgraden, men ut frå alders- og kjønnsamansetning synes det å vera eit rimeleg representativt utval av publikum.

Utstillarane fekk tilsendt spørjeskjema per e-post etter ei liste som FMLA Hordaland framskaffa. Det vart sendt ut e-post til i alt 76 utstillarar. 4 vart returnert som ukjente adressatar. Vi fekk inn 32 svar. Av dei 76 var det ein del som hadde reine informasjonsbuer eller som hadde buer av ein slik karakter at spørjeskjemaet i liten grad var retta mot deira verksemd. Det kan vera ei årsak til den noko låge svarprosenten på 44 prosent.

### 1.3 Presentasjon av resultatata

I kapitel 2 og 3 presenterar vi skjematisk svara frå publikums- og utstillarundersøkinga. Vi listar spørsmålå med fordeling på svaralternativ. Under ein del av svara er det gitt ein kort kommentar. Ei vidare analyse av resultatata der ein ser på koplingar mellom fleire svar kjem i kapitel 4. Der vil nokre av svara også samanliknast med undersøkinga «Bønder i byd'n –Bergen matfestival 2006». I kapitel 5 kjem ei kort oppsummering av viktige funn i forhold til problemstillingane.



*Brødreskuta tok turen frå Lofoten med tørrfisk*

*Foto: FMLA –Hordaland*

## 2 Spørjeundersøking – vitjande

---

### 2.1 Persondata



I alt vart 72 vitjande intervju i løpet av festivalen. Gjennomsnittsalder på utvalet av dei vitjande var 44,36 år. Standardavviket på alder var 18,19. Medianverdien<sup>2</sup> på alder var 45 år. Den eldste som vart intervju var 78 år. Den yngste var 13. Det var såleis god spreining i alder på dei som vart intervju.

Det var nokre fleire kvinner enn menn som vart intervju, 43 mot 29, altså 60 % kvinner.

*Dei fleste stilte villig opp til intervju*

*Foto: FMLA-Hordaland*

Om ein held to langvegfarande med reiseavstand frå bustad til festivalen på høvesvis 450 og 550 km utanfor, var gjennomsnittleg reiseavstand 19,2 km mellom Bryggen og bustaden til den vitjande. Medianverdien var 7 km. Det vil sei at halvparten av dei vitjande hadde 7 km eller mindre mellom bustaden og festivalen. Sjølv om det er mange som kjem frå omkringliggande strok, kjem dei fleste vitjande frå Bergen kommune.

---

<sup>2</sup> Medianverdi er den midtre verdien i ei rekkje av tal. Ein ordnar tala i stigande rekkefølge og undersøker kva tal ein finner i midten av talrekka. Medianen av talrekka 1, 3, 7, 20, 30 er 7, mens gjennomsnittsverdien av tala er 12,2.

## 2.2 Svarfordeling på spørsmåla

Her vert fordeling av svar på dei ulike svaralternativa lista opp. Der delsummene ikkje vert 72, har nokre av respondentane ikkje svara på spørsmålet.

1. Er du her tilfeldigvis eller har du oppsøkt arrangementet?

Tilfeldig: 12      Oppsøkt arrangementet: 60

2. Har du høyrte om arrangementet på førehand?

Ja: 65                      Nei: 7

3. Om Ja over: kor har du høyrte om det?

A	Gjennom media (Aviser, radio, TV)	49
B	Gjennom familie, naboar, kollegaer, venner	25
C	Brosjyrar, plakatar, annonser	5

Her var det nokre som nemnde fleire av alternativa. Dei hadde høyrte om arrangementet gjennom fleire kanalar. Av dei som hadde høyrte om arrangementet gjennom media, svara over 90 % at dei hadde høyrte om det gjennom aviser. Annonseinnlegg i avisa vart hos dei fleste rekna for A media, avis; ikkje C annonsar.

4. Har du lagt merke til at arrangementet er ei samanslåing av tre festivalar?

Ja: 25                      Nei: 47

5. Kjenner du namnet på dei tre festivalane?<sup>3</sup>

Det var ein del som ikkje hadde klart for seg kva festivalane heitte sjølv om dei hadde vore på ein eller fleire før. Dette seier noko om kor vellukka merkevara til kvar av festivalane er. 20 svara «Bønder i byd'n», 8 «Sjømat for alle» og 13 «Stocca fisso». Ein del svara også «Bondens marknad», nokre svara «Grieg festivalen», nokre «mat-festivalen».

Tabellen under viser kor mange gonger den einskilde festivalen vart nemnt høvesvis først, som nummer 2 eller som nummer 3 i opplistinga.

	1	2	3	Sum
BiB	17	1	2	20
SFA	2	5	1	8
SF	6	4	3	13

6. Har du vore på nokre av desse festivalane tidlegare år?

Ja: 53                      Nei: 19

<sup>3</sup> Brukte kort former: BiB= bønder i byd'n, SFA= sjømat for alle, SF= stocca fisso

7. Om ja på spm. 6: Kva festivalar har du vitja?

	Har vore på ein av festivalane tidlegare	Har vore på to av festivalane tidlegare	Har vitja all tre tidlegare
Namn på festival	BiB (42)	BiB og SFA (7) BiB+SF (2)	Bib+SFA+SF (2)
Sum	42	9	2

I alt svara 53 at dei hadde vore på BiB tidlegare, 9 hadde vore på SFA tidlegare og 4 på SF tidligare. Alle som hadde vore på nokre av festivalane tidlegare, hadde vore på BiB.

Er du her mest for å handle eller mest for å sjå? For å handle: 2	For å sjå: 26	Begge deler: 44
--	------------------	--------------------

8. Har du lært noko her i dag? Utdrag av svar.

dei som satsar får det til  
ikkje enno  
alltid noe nytt  
været øydelegg  
bra inntrykk  
veldig bra  
om mat  
veldig interessant  
kjekt med gode tradisjonar  
kjekt  
nei  
nei  
veldig lærerikt om kultur  
mattradisjonar  
ulike smakar  
nei  
får smakt mykje godt  
bør ha paraply  
Nye måtar å ta kontakt med næringa på  
ikkje ennå  
lærer mykje  
usikker  
Om lokal mat  
Plukkar opp noko  
nei  
Ser kva som finst av lokalt produsert mat  
nei  
Ja, mange interessante ting

Om ein ser vekk frå kommentarar om veret og generelle kommentarar av arrangementet svarar 14 at dei hadde lært noko. Til dette skal det seiast at ein del av respondentane ikkje svara på dette spørsmålet fordi dei hadde problem med å formulera kva dei hadde lært. Det er ofte vanskeleg å svara på omfattande og generelle spørsmål i ein slik «på gata» –situasjon der det ikkje er rom for å tenkje over spørsmålet eller svaret i særleg grad.

Det var fleire som svara at dei hadde lært noko om dei vart stilt meir konkrete spørsmål – sjå under.

9. Synest du at du lærer noko om lokale mattradisjonar på festivalen?

Ja, mykje	Ja, litt	Ikkje noko særleg	Nei, ingenting
13	37	10	12

10. Synest du at du lærer noko om lokalt landbruk på festivalen?

Ja, mykje	Ja, litt	Ikkje noko særleg	Nei, ingenting
8	33	11	19

Denne undersøkinga var på oppdrag frå FMLA Hordaland og hovudformålet med undersøkinga var å få fram korleis det å ha tre festivalar i ein fungerte i forhold til tidligare utgåver av «Bønder i byd'n». Det vart derfor ikkje spurt direkte om sjømat og tørrfisk her.

11. Kva synes du om storleiken på arrangementet? (ikkje lengda av arr.)

For stort	Passeleg	Litt lite
1	67	2

12. *Om du har vore på Bønder i Byd'n tidligare:* Kva synes du om årets arrangement i forhold til tidligare års arrangement?

Mykje betre	Litt betre	Litt dårlegare	Mykje dårlegare	Inga meining
5	15	6	0	27

Dette er eit spørsmål som krev litt overveging for å kunna svara. Ein del respondentar svara her at dei opplevde det veldig likt tidlegare års BiB, og ville i grunnen seie at det var likt. Dei ville i alle fall ikkje seie at det var dårlegare, og valte derfor «inga meining» eller «litt betre». «Inga meining» inneheld også svar frå dei som syntest dei ikkje hadde fått gått rundt nok, eller att dei rett og slett ikkje kunne gjere seg opp noko meining om det.

13. Er dette ein festival du kan tenkje deg å gå på fleire gonger?

Ja, absolutt!	Ja, truleg	Kanskje	Nei
61	10	1	0

14. Har du nokre avsluttande eller utdjupande kommentarar om arrangementet?

for mykje støy  
dårleg ver  
godt tiltak  
kvar veke hadde vore bra. Plass til å sitte og eta.  
veldig bra!  
veldig bra!  
hadde ønsket betre ver  
Manglar ein oversikt over buene  
veldig bra. Ein marknad, ikkje festival  
Positiv marknadsføring av landbruket  
bra!  
positivt tiltak  
bra festival!  
bra med folk som fortel om produkta!  
mykje liv, veldig bra  
kunne vore betre plass  
Positivt  
for dårleg trafikkopplysning  
Kanskje informasjonen skulle vore oversatt til fleire språk sidan det er  
mange turistar her.  
Alt er veldig bra!  
ønskjer betre ver  
viktig å profilere seg  
veret burde vore betre  
triveleg tiltak  
fabelaktig arrangement, må halde fram!  
svært bra arrangement  
Bra!  
mykje god mat, spennande  
Litt dårligare arrangement i år pga veret  
Veravhengig  
Kan det meste frå før  
Holde det stabilt. Vi koser oss!  
Kan mykje frå før. Mykje bra både for unge og gamle  
mange gode smaker  
Litt dårligare pga været  
Veret trekker ned i år  
Minus med veret  
Likt som tidligare år  
Veldig positivt! Godt innslag i bybildet, ganske likt tidligare år, hadde  
vore glad for større tilbod til dagen, gjerne eigne utsal



Veravhengig, kjekke menneskjer, veldig bra!  
Vil komme attende så lenge bøndene er her!  
Veldig positivt og godt arrangement  
meir tak hadde vore fint  
vil gjerne ha cider!  
Very nice!  
litt tett mellom buene og mykje folk  
ønskjer betre ver  
Godt arrangement, litt tett og trøngt  
Mye folk, litt trøngt  
kanskje buer i vegen og?  
Ønskjer meir plass mellom buene, betre presentasjonar og informasjon  
om produkta

### 3 Undersøking blant utstillarane

---



Det var 94 utstillarar under Bergen matfestival. Av desse var 65 småskala- produsentar; 25 var buer med diverse aktivitetar – restaurant, butikk, informasjon, utstilling og dyr; 4 buer var buer for matindustri. 76 spørjeskjema vart sendt ut på e-post på bakgrunn av ei liste vi fikk frå FMLA Hordaland. 4 vart returnert som ukjente adressatar. Vi fekk inn 32 svar. Den noko låge svarprosenten (44 %) kan delvis skuldast at nokre av utstillarane truleg fann spørsmåla lite relevant for deira aktivitet. Spørsmåla var i stor grad retta mot småskala matprodusentar og bønder med direkte sal til forbrukar.

*Bilde: Utstillar frå Ostegården  
Foto: FMLA –Hordaland*

1. Kor mange gonger har du delteke på Bergen Matfestival/«Bønder i byd'n»/Sjømat for alle/Stoccafisso?

1 år	2 år	3 år	4 år	5 år eller fleire
6	4	6	3	13

Det er mange utstillarar som kjem att år etter år. Det tyder på at arrangementet vert verdsett av utstillarane. Av dei 32 stillarane som svarte, var seks med for første gang, resten hadde vore med før. Heile 13 av dei spurde, hadde vore med fem eller fleire gonger.



*Representant frå Stocca fisso*

*Foto: FMLA- Hordaland*

2. Om du har delteke tidlegare, kva for ein av festivalane har du delteke på?

Bønder i Byd'n

Sjømat for alle

Stocca fisso

28

Nokre har ikkje kryssa av i skjema.

3. Ville du ønskt at arrangementet vart halde oftare?

Ja Kor ofte?

Nei, greitt med ein gong i året.

11

20

Det var elleve som gjerne såg at festivalen vart halden oftare. Av desse seier alle at dei ønskjer at festivalen vert halden to gonger i året – to presiserer at dei ønskjer ein festival om våren og ein om hausten. For dei utstillarane som berre sel sesongprodukt for hausten, eksempelvis frukt, ville det sjølsagt ikkje vore aktuelt med deltaking på våren.

4. Kor viktig er Bergen Matfestival som salskanal for deg?


Svært viktig	Viktig	Lite viktig	Ikkje viktig i det heile
13	9	8	1

Meir enn to tredelar ser på festivalen som viktig eller svært viktig som salskanal. Nokre utstillarar omset store delar av årsproduksjonen på festivalen.

5. Kor viktig er Bergen Matfestival som marknadsføringskanal for deg?  
(årets og tidlegare års festivalar)

Svært viktig	Viktig	Lite viktig	Ikkje viktig i det heile
12	15	4	0

*Profileringssida* er viktigare enn salssida i følge tala. 84 % av respondentane ser på festivalen som viktig eller svært viktig som marknadsføringskanal. Ein har ikkje svara på dette spørsmålet.



*Smaksprøver av fenalår frå Hardinglam*

*Foto: FMLA -Hordaland*

6. På festivalen møter du kollegaer/konkurrentar. Korleis vil du karakterisere festivalens verdi som møteplass for kollegaer der du haustar verdfull erfaring for arbeidet ditt vidare?

Svært viktig	Viktig	Lite viktig	Inga betydning
2	21	8	1

Festivalen er ein viktig møteplass.

7. Tidlegare år har «Bønder i byd'n», «Sjømat for alle» og tørrfiskfestivalen «Stocca fisso» vore egne festivalar. Kva meiner du om å vera del av ein breiare matfestival med både sjømat og landbruksprodukt?

Ein felles mat-  
festival er bra

24

Det hadde vore betre om dei  
framleis var for seg sjølve.

4

Det er ein stor overvekt av utstillarar som er positive til samanslåinga. 4 hadde inga meining om dette.

8. Trur du det er positivt eller negativt *for publikum* at dei tre festivalane er slegne saman?

Positivt

24

Negativt

2

Same svarfordeling som spørsmål 7. Utstillarane trur at også publikum set pris på samanslåing og større tilbod. 6 hadde inga meining.

9. Har du nokre tankar om korleis du vil at arrangementet bør utvikle seg vidare?  
Stikkord: storleik, type deltakarar, varer, tidspunkt, kulturinnslag, anna.

19 utstillarar nytta høvet til å komme med kommentarar på korleis dei vil at arrangementet bør utvikle seg vidare:

- Fint med ein festival der hovudfokus er sal. Vi er godt nøgde med organiseringa, og at festivalen er komen inn i eit fast spor, slik at vi veit nokolunde kva vi har å gå til frå år til år.
- Lengre opningstid, viktig for oss som reiser langt og ønskjer å utnytte tida. Det er bra at det er over tre dagar, bra at det er tilgjengeleg kjølekonteiner.
- Det bør ikkje bli større. Vi er avhengige av kjølebil, og då vi kom til Bergen fredag morgon, så var bilen så og sei full. Det var dårleg stabling og vi brukte lang tid på å ordne inne på bilen slik at vi fekk plass til varene. Her er det nokre store bedrifter som kjem torsdag, og tidleg fredag. Dei berre ordnar plass til sine ting, utan å tenkje på andre. Her bør det vere nokon som ser etter, og vi må og vere sikre på å få plass på kjølebil når vi har bestilt.
- Storleiken er bra. Dei store deltakarane (som Tine osv) høyrer vel ikkje med som bønder i byd'n, og det er bra om slike kjem i bakgrunnen / andre rekkje, og ikkje tek dei beste plassane frå dei små aktørane.
- Bør ikkje verta større.
- Viktig at Bryggen blir stengt for trafikk, slik at det blir ein stor folkefest i byn; det tiltrekkjer folk «når det skjer noko» i sentrum.
- Det har vore ei fin utvikling vedrørende storleik, men det har vorte fleire og fleire like salsbuer. Det er litt for mange som står og tilbyr omtrent det same. Det burde vore større variasjon.
- Småskalaprodusentar må få dette høvet å tilby dei gode produkta sine til byfolket. Fokuset på norsk produsert kvalitetsmat må halde fram.
- Ein bør vurderer om dei store aktørane, og «profesjonelle» seljarane som ikkje lagar produkta sjølve, skal få vera med under arrangementet. Vurder å knyte standleiga til omsetning.

- Lengre opningstid. Greitt å opne kl 11.00, men på laurdag og sundag kunne opningstida forlengast.
- Eigne stands for dei som har egne produkt. Desse bør ikkje blandast med dei som sel varer og tenester for andre.
- Arrangementet bør vere slik «Bønder i byd'n» har vore tidlegare. Gjerne litt meir matlaging og show. Gjerne med kjende kokkar som lagar spanande mat av lokale råvarer. Flottare utstillingar og aktivitetar og mat for barn, jf. Tines smakstelt.
- Det bør haldast slik det er i dag. Deltakarane bør produsere varene sine sjølve og småskalaprodusentar bør prioriterast. Store firma som Tine, Gilde osv bør haldast utanfor.
- Eg synest to gonger i året hadde vore bra, vår og haust.
- Det er trist for Bergen at så mange tiltak «faller i vann». Ein burde kanskje få ein større del av festivalen under tak? Kveldsprogrammet for deltakarane var svært bra. Har ikkje opplevd ei slik mottaking på ein matfestival. Kanskje litt større avstand mellom rekkjer av salsbuer. Festivalen blir litt for kompakt. Det er veldig bra at fleire festivalar samlast. Det er utruleg mange festivalar for tida, denne samlinga gjev heilskap.
- Sterkare fokus på breie kulturinnslag på kveldstid. Kanskje ein konsert med ein populærartist?
- Det er nok salsutstillarar. Kunne vore knytt endå meir opp til restaurantar med lokalmat som spesialitet. Det ville også vera positivt med fleire kulturinnslag knytt opp til matfestivalen.
- Veit ikkje heilt om det er positivt eller negativt for meg med ein felles festival eller ikkje, trur det er positivt for publikum. Ønskjer ikkje kulturinnslag. Ca 100 utstillarar passar.
- Det bør ikkje bli større. Deltakarane bør primært vera småskalaprodusentar (NBG). Eigne produkt, lokalt produsert. Tidspunktet er OK som det er. Kulturinnslag er viktig.

10. Kor stor omsetnad hadde de under festivalen?

Tabell 3.1 Omsetnad

5000	16000	30000	50000	106033
5500	16000	30000	50000	200000
8000	17000	33000	55000	ingen
12000	20000	40000	55000	
13000	25000	40000	60000	
14500	28000	42726	74000	



27 av 32 gav opp kor stor omsetnad dei hadde under festivalen. Den høgaste omsetnaden var 200 000 kroner. Den lågaste var 5 000 kroner (om vi held ingen omsetnad utanom). Gjennomsnittlig omsetnad var 40 222 kroner. Medianomsetnaden<sup>1</sup> var 30 000 kroner. Det vil seie at det var fleire som hadde omsetnad under gjennomsnittet enn over. Det er tre utstillarar som gjev opp at omsetnaden er under 10 000 kroner.

*Godt sal trass dårleg vær.  
Foto: FMLA -Hordaland*

Den nest høgaste omsetnaden var 106 000 kroner. Om ein held den høgste omsetnaden utanom vert gjennomsnittet 33 830, om ein held dei to høgste omsetnadene utanom, vert gjennomsnittet 30 823.

Høve for utdjujing på eit eller fleire spørsmål:

11 utstillarar nytta høvet til å komme med utdjujande kommentarar. Kommentaranne bør sjåast i samanheng med kommentarane gitt i spørsmål 9.

- Vesentleg dårlegare omsetnad i år enn tidlegare år. Vi vel å skulde på veret, men det er sjølv sagt ein sjanse for at fleire festivalar i lag gjev mindre handel for den enkelte, men det kan for så vidt like godt føre til at festivalen trekkjer fleire folk og fører til auka omsetnad.
- Tullete oppførsel av politi og nokre av arrangørane under avslutninga søndag. Var avhengig av å pakke saman og reise seinast kl 15.45 for å nå ferjer, slik at vi kom oss heim den dagen. Vi måtte krangle med politi og ein person i arrangørkorpset før vi til slutt slapp gjennom sperringa med bil slik at vi kunne pakke saman. Enno det i utsende papir stod at ein opna for biltrafikk etter kl 15.00 søndag. Vi nådde ferja med eit «nødsrik» og kom oss heim.
- Det var nokre av utstillarane som hadde leigd ei heil bu slik at dei kunne då få bestemme plassering sjølve. Etter at dei hadde fått ordna dette, tok dei kontakt med andre utstillarar som passa inn i deira opplegg, og selde så plass til dei utvalde i si eiga bu
- Eg synest det er byrja å bli mykje spekulering i plasseringa, og at det er her dei frekkaste eller dei som er mest frampå som får best plass.
- Bør det ikkje vere rullering av plasseringa frå år til år, og dei som lagar til matfestivalen som bestemmer? Det vil jo snart bli kaos om alle skal til å leige heile buer og drive utleige til medutstillarar etterpå.
- Dette har vore eit flott tiltak i mange år, men no må ein ikkje øydelegge med å vekse for stort og miste kontrollen
- Kanskje vi kunne hatt same plassen kvart år slik at kundane ikkje treng å leite på nytt kvart år for å finne oss.

- Det er nok ikkje enkelt å gjere alle tilfreds, men det må vere matfestivalen som lagar reglane for utstillarane, og dei må vere like for alle.
- Vi hadde aktivitetar, ingen kommersielle aktivitetar
- Har inga tid til å prate med andre utstillarar; -informasjon i forkant og under festivalen for oss deltakarar var for dårleg. Det var mykje forvirring om opnings-tidene. For dei som var avhengige av tilsette, var nok dette ekstra frustrerande. Informasjon om pris var også dårleg. Fekk vite kva det kosta per kvadratmeter, men har framleis ikkje fått informasjon om kva straum kosta, og eventuelt pris for kjølerom.
- Felles festival er bra, men Stoccafisso og Sjømat for alle virka usynleg, lite gjennomtenkt og uinteressant.



## 4 Analyse

---

Som ein ser av kapitel 2 og 3 er svara både frå publikum og utstillarar ganske eintydige. Nokre av spørsmåla var like dei som vart stilt i undersøkinga i 2006. Svara på desse var i tråd med det som vart svara i fjor. Det er med på å understreke at resultatane er signifikante i forhold til populasjonen ein ønskjer å sei noko om.

Dei fleste publikummarane hadde høyrte om arrangementet på førehand (91 %). Av dei som hadde høyrte om arrangementet, hadde flest høyrte om det i media. Dette samsvarar med resultatane frå 2006, og viser at annonsar og innlegg i media gjev effektiv marknadsføring av arrangementet. Det var berre 16 % av respondentane som tilfeldigvis



kom innom arrangementet, mot 84 % som faktisk hadde oppsøkt arrangementet.

I informasjonsavisa som vart distribuert som innstikk i Bergens Tidende, var samanslåinga av dei tre festivalane framheva. Likevel hadde to tredelar ikkje lagt merke til at arrangementet var ei samanslåing.

*Mykje folk på festivalen!  
Foto: FMLA -Hordaland*

På spørsmål om publikum kjende namnet på dei tre festivalane var det ikkje overraskande at dei fleste kjende namnet på «Bønder i Byd'n» (BiB) i og med at den har vore den største av festivalane. For dei som kjende namnet på fleire festivalar var BiB den som vart nemnd først i dei fleste tilfella. Noko overraskande, sett i omsyn til tal buer, var det at såpass mange kjende namnet på «Stocca fisso» (SF). SF var imidlertid

godt profilert på festivalområdet gjennom flagg og banner. «Sjømat for alle» (SfA) var nok dei minst profilerte på festivalområdet. Konseptet deira er av eit mindre festivalpreg enn dei to andre.

Sjølv om ikkje alle hugsa namnet, var BiB det store trekkplasteret for dei fleste. Nesten 75 % av dei intervjuja hadde vore på BiB tidlegare – og dei kom attende. Dette er meir eller mindre likt med undersøkinga av BiB i 2006. Noko som understrekar at dette er eit institusjonalisert arrangement i det bergenske bybiletet.

Over 60 % av festivalgjengarane svara at dei kom både for å handle og for å sjå. 2 personar kom berre for å handle, medan 26 (36 %) kom mest for å sjå. Det at så mange kjem attende år etter år, og at dei kjem for å handle, kan tyde på at det at ein har høve til å handle er eit trekkplaster. Det at ein kan kjøpe med seg kvalitetsvarer heim, er noko mange set pris på. Fleire kommenterte at dei likar kombinasjonen av sal og opplysing. Det å kunne kommunisera direkte med dei som dyrkar og produserer varene, er truleg av verdi for mange. Det at ein kan handle, kan vere ein anledning til å stoppe opp og spørje om ting dei lurar på – ein måte å få i gang ein dialog på.

Slik sett kan det vere at nettopp det at festivalen i stor grad står fram som ei salsmesse, faktisk har bidrege til festivalens suksess også som kunnskapsformidlar. Ei rein informasjonsmesse ville neppe hatt same appell verken blant utstillarar eller publikum.

I forhold til informasjonsaspektet ved festivalen, er det veldig få som svarar at dei ikkje lærer noko om lokalt landbruk og mattradisjonar. Ein del av dei som svara «nei, ingenting» på spørsmål om dei har lært noko, kommenterte at grunnen var at dei visste det meste frå før. Festivalen når ut til publikum med informasjon om lokalt landbruk og om lokale mattradisjonar. Svarfordelinga på desse spørsmåla var som for fjorårets undersøking.

Svaret på spørsmål til publikum om storleiken på festivalen var også om lag likt med det svaret vi fikk på same spørsmål i fjor – endå festivalen i fjor var ein god del mindre! Svaret kan tolkast som eit uttrykk for at publikum likte seg og følte dei fekk oppfylt forventningane sine og dekt behova sine, i fjor så vel som i år. Sidan svara var dei same i fjor er det neppe eit uttrykt ønske om at arrangementet ikkje må vekse. Dette er i tråd med forskning på økonomisk åtferd. Når tilbodet aukar, aukar forventningane og ønskja. Om ein ikkje kjennar og dermed kan vurdere noko alternativ, er ein som regel nøgd.

Det var fleire av utstillarane som meinte at festivalen var stor nok og at han ikkje bør verta større. Det var det nokre som meinte i fjor også, då festivalen var ein del mindre. Samtidig er det mange som trekkjer fram *stabilitet* som eit viktig suksesskriterium. Det at festivalen er på same plassen, har mange av dei same deltakarane, og at profilen og opplevinga er lik år etter år er det mange som framhever som viktig. Sjølv om BiB har vakse jamt og trutt både i tal utstillarar og spennvidde, opplever utstillarane at det er eit stabilt arrangement.

Ein kan såleis trekkja den konklusjonen at arrangørane har tatt med seg suksessen frå tidlegare år, og at dei har makta å la festivalen vekse og til dels endre karakter, utan at det er blitt ein mismatch mellom forventningane til publikum og utstillarar – og det dei faktisk opplever.

Undersøkinga av BiB i 2006 konkluderte med at festivalen var ein publikumssuksess. Dei vitjande var svært nøgde med festivalen. På spørsmål om korleis festivalen i 2007 vart oppfatta i forhold til tidlegare års utgåver av BiB, syntest mange at det var veldig likt. Om dei måtte velje, så var det i alle fall ikkje dårlegare. Nokre av dei som meinte at arrangementet var «litt dårlegare» kommenterte at det skuldast vêret. Ein del av dei som sa «litt betre» sa at dei eigentleg syntest det var mykje det same som tidlegare år, i alle fall ikkje dårlegare. Dei valte derfor heller «litt betre» enn «litt dårlegare». Svara viser at samanslåinga ikkje har gått ut over publikums trivsel under festivalen, heller bidrege til auka trivsel.

Dersom ein ser på svara i spørsmål 14 er det eit overveldande fleirtal, 84 %, som svara «ja, absolutt!» på om dei ville komme attende på festivalen. Utanom ein person, svara resten «ja, truleg». Svarprosenten som svarte «ja, absolutt!» var noko høgare i fjor – 91 mot 84 prosent. Dei fleste av kommentarane som gjekk i negativ lei under arrangementet i 2007 omhandla det dårlege vêret (10 grader, vind og regn i lange periodar). I 2006 var det mange som trekte fram det strålande vêret (20 grader og solskin). Det tyder på at veret kan ha noko å seie for opplevinga, som igjen truleg vil ha noko å seie for kor sikker ein er på at dette er noko ein vil vere med på fleire gonger om ein får sjansen. Det var bare ein av 72 respondentar som svara «kanskje» på spørsmål om dei kunne tenke seg å komme attende, ingen svara «nei». Det er ein svært godt attest for eit utandørs arrangement som til tider faktisk opplevde ganske så dårleg vær.

Medan publikum vart intervjuet under sjølve festivalen, vart spørjeskjema sende til utstillarane etter at dei var komne heim og fått gjort seg opp nokre tankar om arrangementet. Hovudinntrykket er at utstillarane er veldig godt nøgde med Bergen matfestival 2007. Av dei 27 utstillarane som svarte, var seks med for første gang, resten hadde vore med før. Heile 9 av dei spurde, hadde vore med fem eller fleire gonger.

Arrangørane av BiB har tidlegare år hatt vanskar med å fylle opp med nok utstillarar for å gjere festivalen så attraktiv og interessant som dei gjerne ville. Før festivalen i 2007 var situasjonen ein heilt annan. Bønder og småskalaprodusentar var mykje meir positive og stod til dels i kø for å få vere med. Arrangementskomiteen opplevde ei heilt anna interesse for å delta enn det som har vore tilfelle tidligare. Det var nesten 10 % auke i tal utstillarar. Fordelinga mellom småskalaprodusentar, direkte sal av råvarer, matindustri, gardsbutikkar, restaurantar, aktivitetar og informasjonsbuer var omtrent som tidlegare. Det nye var buer med tørrfisk og sjømat og nokre fleire aktivitetar med dyr. Årsaka til den auka interessa om å få delta kan skuldast den suksessen BiB har opplevd. Fjorårets omfattande evaluering har truleg vore med på å bringe dette fram i lyset. Det tar tid å byggje opp eit så godt institusjonalisert arrangement. Slik BiB stod fram i 2006 med rekord stort tal vitjande, godt sal og god marknadsføring var det nok mange som såg verdien av.



Mange utstillarar kjem att år etter år. Det tyder på at arrangementet vert verdsett. Meir enn to tredelar av utstillarane ser på festivalen som viktig eller svært viktig både for omsetnad og marknadsføring. Dette er same resultatet som ein fekk i spørjeundersøkinga under BiB i 2006. Det var fleire som svarte at festivalen var viktig eller svært viktig for *profilering av produkta*, enn han var for omsetnad. Matfestivalen ser ut til å vere eit viktig utstillingsvindaug for mange småskalaprodusentar av mat i distriktet. Festivalen er viktig for salet for enkelt utstillarar, og endå viktigare for den samla profileringa av tradisjonsmat.

*Nøgde utstillarar*

*Foto: FMLA-Hordaland*

Utstillarane vart spurde om frekvensen med eitt arrangement i året var passe eller om dei helst hadde sett at det var fleire arrangement. Det var 63 % som svarde at det var passe med ein gong i året, medan resten ville ha fleire

festivalar. Alle dei som ville ha fleire arrangement, ville alle ha to gonger i året. For dei som driv med frukt og grøntprodukt, ville det neppe vore aktuelt å stille på festival anna enn på hausten. Ein festival på våren i tillegg til hausten vil ikkje kunne tilby same produktspekteret, men ville bli godt motteke av ein del av utstillarane.

Når det gjeld festivalen som treffpunkt mellom produsentar og erfaringsutveksling for vidare arbeid i verksemda, svarde to tredelar at festivalen var viktig eller svært viktig som møteplass. Dette er ei av hovudmålsettingane for arrangørane – nemleg at festivalen skal bidra til å skape nettverk og bidra til ei profesjonalisering av småskala-produsentar. Profesjonalisering i den forstand at ein drar nytte av andres erfaringar i forhold til etterspurnad og marknadsorientering, kostnadskutt, betra produksjonsprosessar, teknologiutvikling og så bortetter. Dette er svært viktige moment for overskottet til den enkelte. Og der igjennom, viktig for å *opprethalda* og *utvikla* det samla tilbodet.

I forhold til utvidinga og samanslåinga med SF og SfA, var haldninga blant utstillarane positiv. Berre fire av 32 var negative til samanslåinga. I dei utfyllande kommentarane er samanslåinga nemnt som positivt fordi det samlar meir folk og gir høve til auka omsetnad. Det vart også nemnt at det var svært mange festivalar, og at samanslåing derfor var gunstig for å skape eit slagkraftig arrangement. Ein av utstillarane meinte at SF og SfA var lite synlege, lite gjennomtenkte og uinteressante.

Opp gjennom historia har impulsar utanfrå vore med på å forma dei tradisjonane vi har. Dei held fram å spela ei rolle også i moderne tid. Noko av det spekteret ein kan få oppleve på Matfestivalen, er lokale variantar av utanlandske varer. Det er heilt i tråd med noko av intensjonen med arrangementet, nemleg å syna at ein også kan nytta lokale råvarer til å laga meir eksotiske rettar. At ein ikkje nødvendigvis treng å laga pinnekjøtt av saueribba, men også kan laga lammecarré, eller at det ikkje må lagast brunost av geitemelka men at det også kan lagast italiensk inspirerte ostar ala Parmesan og Peccorino. Intensjonen med arrangementet er ikkje berre å ta fram igjen og synleggjera tradisjonelle råvarer og foredlingsmetodar, men også å synleggjera nye råvarer og foredlingsmetodar. Det er viktig å få fram spennvidda, at matkulturen framleis er levande og i utvikling, og at det finns andre variantar enn dei ein finn i produktspekteret til dei store industrielle foredlarane.

Dette er ein dimensjon ei samanslåing kan bidra til å fremje. For SF er synleggjering av alternativ bruk av råvarene heilt i kjerna av målet for festivalen. Slik Bergen matfestival 2007 stod fram, var det lite samkjøring mellom «frå jord til bord» og «frå fjord til bord». Her eksisterer det eit potensial som førebels ikkje synest å vera fullt ut nytta. Ein kan til dømes nytta lokale råvarer frå fjorden og jorda i dei same rettane – og presisera dette, både i presentasjon og sal av *tradisjonelle* rettar og i presentasjon og sal av *nyskapande* rettar. Slik festivalområdet på Bryggen var organisert med SF og SfA på den eine sida av vegen mot sjøkanten, og BiB på den andre sida av vegen, var det tilsynelatande liten grad av interaksjon mellom utstillarar frå BiB og SfA.

Sjølv om det ikkje var noko trafikk i vegen, var det få som oppheldt seg der, og dei fleste kryssa vegen i fotgjengarfeltet. For å få til betre sirkulasjon hadde det kanskje vore ein ide med nokre buer eller aktivitetar i vegbana. Det verka som om folk vegra seg litt for å gå frå den eine sida til den andre. Bilvegen var eit klårt skilje. Ein «mjukare» overgang mellom buene ville kunne auka sirkulasjonen.

I spørjeundersøkinga blant publikum i fjorårets festival var det nokre som etterlyste fleire aktivitetar, særleg retta mot born. Under årets festival var det meir av denne typen aktivitetar, noko som syntest å vera eit populært tiltak. Kanskje kunne også vegen vorte nytta til dette? Kanskje utstillinga av veterantraktorar kunne vore flytta til vegen? Eller

at det vart laga nokre buer som presenterte rettar med utgangspunkt i lokale råvarer frå både jord og fjord? Meir hestekjøring, eller berre nokre halm eller høyballar som markerte at vegen var fri for trafikk? Ei samkjøring mellom arrangørane der ein til dømes kunne invitere kokkar til å hente råvarer på begge sider av vegen kunne vere ein aktivitet som kunne binde festivalane tettare saman. Slike tiltak kunne vore med på å skape ein meir eins festival, der samspelet mellom sjø og land kom tydelegare fram. Slik den no stod fram, var det sjømat på eine sida og landbruk på den andre.

Sjølv om hovudintrykket blant arrangørane var positivt, kom det også fram ein del forslag til å gjere ting betre. Ein del av kommentarane handla om korleis plassane vart fordelt - plassering av buer og rullering frå år til år var det ein del som kommenterte. Det er tydeleg at dette er eit mykje diskutert tema blant utstillarane.

Eit anna tema som også var kommentert av mange, var deltaking og plassering av større verksemdar som driv foredling og sal på industriell basis. Det vart presisert av mange av utstillarane at dette bør vere ein festival for småskalaprodusentane som i hovudsak foredlar eigne varer, og det er viktig at denne profileringa står fast for festivalen vidare framover.

Ei konkret tilbakemelding frå årets publikumsundersøking var sagn av opplysningsplakatar. Fleire og betre oppslag og plakatar om kva som er utstilt kor, eller kva som går føre seg kor, samt kva som går føre seg i den enkelte bu; kan vere ein måte å auka informasjonsspreiinga ved festivalen. Samstundes vil det auka trivselen til dei som går rundt og undrar og som ikkje spør. Det kan nokre gonger vere vanskeleg å spørja på grunn av at det er trangt, masse menneske, og fordi ein ikkje vil opphalda utstillarane med småprat når det står kø av folk som vil handle. Det var ein som kommenterte at det hadde vore fint med plakatar på engelsk for dei mange utanlandske turistane som var tilstades. Inntrykket frå dei som intervjuar, var at dei utanlandske vitjande var vel så begeistra over festivalen som nordmenn.



*Festivalen hadde også noko å tilby dei minste*

*Foto: FMLA -Hordaland*



## 5 Oppsummering/konklusjon

---

Svara på undersøkinga i 2007 viser at dei positive svara publikum og utstillarar gav på fjorårets undersøking av «Bønder i byd'n», ikkje berre skuldast vêret. I år som i fjor var det svært god publikumstilstrøyming til festivalen på tross av til dels veldig dårlig vêr. Fjorårets suksess skuldast derfor ikkje berre at det då var 20 gradar og strålende sol i tre dagar. Eit utandørs arrangement med ein så høg appell blant publikum nærmast uavhengig av vêrforholda, underbyggjer at festivalen er godt institusjonalisert.

Arrangementet har ein stor appell både hos dei som oppsøker arrangementet og dei som kjem forbi meir tilfeldig. Det at det berre vert større og større interesse frå bønder og småskalaprodusentar for å vera med, er eit tydeleg teikn på at festivalen er viktig for sal og marknadsføring.

Når det gjeld profilen på «Bergen matfestival» 2007 i forhold til «Bønder i byd'n» 2006 så tyder svara på at verken publikum eller utstillarane merka seg noko særleg endring i profilen. I staden vart opplevinga av *stabilitet* framheva – at ein kjenner konseptet frå tidligare, og veit meir eller mindre kva festivalen inneheld og kva ein går til. Sjølv om BiB har vakse jamt og trutt både i tal utstillarar og spennvidde, opplever utstillarane at det er eit stabilt arrangement. Når publikum vart gjort merksame på at arrangementet faktisk var ei samanslåing av tre festivalar, så svara dei fleste at det var dei positive til. Samarbeid mellom BiB, SfA og SF vert ikkje oppfatta som unaturleg. Ein breiare profil med varer både frå jorda og fjorden er noko som fall i smak.

Ein kan såleis trekkja den konklusjonen at arrangørane har tatt med seg suksessen frå tidlegare år, og at dei har makta å la festivalen vekse og til dels endre karakter, utan at det er blitt ein mismatch mellom forventningane til publikum og utstillarar – og det dei faktisk opplever.

Nokre kommenterte at «Stocca fisso» og «Sjømat for alle» var lite synleg. Potensialet som ligg i å knyta dei tre arrangementa saman i ein festival synes ikkje å vera fullt ut nytta. Ein kan eksempelvis få tydelegare fram at mange lokale mattradisjonar hentar råvarer frå både jord og fjord. Det kan vera ei utfordring til kommande festivalar.





# Vedlegg 1: Spørjeskjema publikum

---

Pr: Evaluering av Bergen  
Matfestival 2007  
Undersøking vitjande, ansv:  
ASp



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

**1. Er du her tilfeldig eller har du oppsøkt arrangementet?**

Tilfeldig

Oppsøkt arrangementet

**2. Har du hørt om arrangementet på førehand?**

Ja

Nei

**3. Om Ja over: kor har du hørt om det?**

<b>A</b>	<b>Gjennom media (sett ring rundt det aktuelle)</b>  Aviser Radio TV	
<b>B</b>	<b>Gjennom familie, naboar, kollegaer, venner</b>	
<b>C</b>	<b>Brosjyrar, plakatar, annonser</b>	

**4. Har du lagt merke til at arrangementet er ei samanslåing av tre festivalar?**

Ja

Nei

**5. Kjenner du namnet på dei tre festivalane?<sup>4</sup>**

1

2

3

**6. Har du vært på nokre av desse festivalane tidlegare år?**

Ja

Nei

---

<sup>4</sup> Bruk forkortelser: BiB= bønder i byd'n, SFA= sjømat for alle, SF= stocca fisso

**7. Kva?**

1

2

3

**8. Er du her mest for å handle, eller mest for å sjå?**

For å handle

For å sjå

Begge deler

**9. Har du lært noe her i dag? Kva – hovudinntrykk.**

**10. Synes du at du lærer noko om lokale mattradisjonar på festivalen?**

Ja, mykje

Ja, litt

Ikkje noko  
særleg

Nei,  
ingenting

**11. Synes du at du lærer noko om lokalt landbruk på festivalen?**

Ja, mykje

Ja, litt

Ikkje noko  
særleg

Nei,  
ingenting

**12. Kva synes du om størrelsen på arrangementet? (ikkje lengda av arr.)**

For stort

Passeleg

Litt lite

**Om du har vært på Bønder i Byd'n tidligare:**

**13. Kva synes du om årets arrangement i forhold til tidligare års arrangement?**

Mykje  
betre

Litt betre

Litt  
dårlegare

Mykje  
dårlegare

Inga  
meining

**14. Er dette ein festival du kan tenkje deg å gå på fleire gonger?**

Ja, absolutt!

Ja, truleg

Kanskje

Nei

**Har du nokre avslutande eller utdjupande kommentarar om arrangementet?**

**Alder:**

**Kjønn:**

**Ca tal km frå bustad til festivalen:**

***Tusen takk for at stilte opp i undersøkinga!***



# Vedlegg 2: Spørjeskjema utstillarar

---

Pr: Evaluering av Bergen Matfestival 2007 Ansv: ASp

---

**1. Kor mange gonger har du delteke på Bergen Matfestival / "Bønder i byd'n / Sjømat for alle / Stoccafisso?"**

**2. Om du har delteke tidlegare, kva av festivalane har du delteke på?**

Bønder i Byd'n

Sjømat for alle

Stocca fisso

**3. Vile du ønskt at arrangementet vart halde oftare?**

Ja Kor ofte?

Nei, greitt med ein gong i året.

**4. Kor viktig er Bergen Matfestival som salskanal for deg?**

Svært viktig

Viktig

Lite viktig

Ikkje viktig i det heile

**5. Kor viktig er Bergen Matfestival som marknadsføringskanal for deg? (årets og tidlegare års festivalar)**

Svært viktig

Viktig

Lite viktig

Ikkje viktig i det heile

**6. På festivalen møter du kollegaer/konkurrentar. Korleis vil du karakterisere festivalens verdi som møteplass for kollegaer der du haustar verdifull erfaring for arbeidet ditt vidare?**

Svært viktig

Viktig

Lite viktig

Inga betydning

**7. Tidlegare år har "Bønder i byd'n", "Sjømat for alle" og tørrfisk festivalen "Stocca fisso" vore egne festivalar. Kva meiner du om å vera del av ein breiare matfestival med både sjømat og landbruksprodukter?**

Ein felles Det hadde vært  
matfestival er bra betre om dei  
fortsett var for seg  
sjølve.

*Utdjup gjerne svaret under.*

**8. Trur du det er positivt eller negativt for publikum at dei tre festivalane er slegne saman?**

Positivt                      Negativt

**9. Har du nokre tankar om korleis du vil at arrangementet bør utvikle seg vidare?**

**Stikkord: storleik, type deltakarar, varer, tidspunkt, kulturinnslag, anna.**

**10. Kor stor omsetnad hadde de under festivalen?**

**Moglegheit for utdjuping på eit eller fleire spørsmål**

***Tusen takk for at du tok deg tid til å stilla opp på undersøkinga!***